

Referat frå møte i temagruppe kulturbygging 28. mai 2019, i kaffistova, Volda omsorgssenter

Møtte: Odd Harald Sundal, Krsitine Sofie Orheim Hansen, Sigurd Tverberg, Astrid Gjersdal

1. Ungdomskonserten

Blir 7. juni, med «Ufokusert» og Philip Emilio på Rokken.

Gratis inngang. Rokken ordnar med alt det praktiske, vakter mm.

Det vert ordna med busstransport før og etter konserten til alle delar av kommunen/ane. Uavklart med Lid, Høydalen, Bjørkedalen og Bjørke.

Pr-sjef: Sigurd

Må poengtere til Rokken at vi ynskjer å vite tal publikum som har vore innom.

2. Venebenkane

Er på plass og i bruk. Benkane vart avduka 10. og 11.mai.

Det som står att er betre fundament og infotavle+qr-kode .. og noko å linke det til.

Vedtak:

Astrid lagar tekst til info-tavle, med kort om bakgrunn, prosess og aktørar,- førebels i laminert utgåve, som vert festa på benkane.

Odd Harald kontaktar Torgeir Stensø vedr. forankring av benken (Volda)

3. Søknad frå Austefjord Sanitetslag

Det vert søkt om kr 25 000 til tur til Årsetøya, der laget inviterer med Hornindal sanitetslag.

Vedtak: Temagruppe kulturbygging vurderer tiltaket å vere i samsvar med intensjonane for kulturbyggingsmidlane, og løyver ut frå oppsett budsjett kr 20 000.

Ref. Astrid Gjersdal